Høyring av Forskrift om endring av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Hjartdal kommune (innføring av gebyrsonar), Hjartdal, Telemark

Hjartdal kommune legg med dette forslag om endringsforskrift for kommunen sin gjeldande gebyrforskrift for vann og avløp ut på høyring. Planen er at forskrifta skal tre i kraft så snart ho er vedteke av kommunestyret. Administrasjonen planleggar å fremme saka for kommunestyret 29.01.2025.

Frist for å sende inn høyringsuttale er sett til fredag 10. januar 2025. Høyringssvar kan sendast til postmottak@hjartdal.kommune.no, eller til Saulandsvegen 414, 3692 Sauland. Vi ser frem til høyringssvara.

1. Bakgrunn

Hytteeigarar i kommunen har i lengre tid ytra ønske om at gebyra for kommunalt vatn og avløp skal skiljast betre mellom heilårsbustader og fritidsbustader. Kommunen ynskjer å etterkome deira ønske i gebyra som vert vedteke for 2025.

Difor er det naudsynt med enkelte endringar i gebyrforskrifta for vatn og avløp.

Kommunal vatn- og avløpsforsyning er sjølvkosttenester, som tydar at kommunen ikkje kan ha overskot på tenestene over tid. Hjartdal kommune drive tenestene med underskot dei fleste åra sidan 2012, og har skrive ned underskot som blei for gamle til at dei kunne dekkjast over gebyra. Kommunen har med andre ord subsidiert tenestene.

Vi foreslår dele kommunen inn i gebyrsonar, og å rekne gebyra for vatn og avløp særskilt for kvar gebyrsone. Det vil gi ei riktigare fordeling av gebyra når framtidige kostnadar og eksisterande underskot skal dekkjast inn. Samstundes vil det òg gjere det enklare for abonnentane å kontrollere at ikkje nokon abonnentgruppe subsidierer ei anna.

2. Forslag til endringar

I forslaget til endringsforskrift er dei eksisterande bestemmingane vist i sin heilheit, med tillegg og endringar i kursiv. Forslaget seier òg kva for bestemmingar vi foreslår å oppheve.

2.1 Gebyrsonar

Forslaga til endringar går hovudsakeleg ut på å opne for å dele kommunen inn i gebyrsonar. Dei nye og endra bestemmingane gir kommunestyret høve til å opprette gebyrsonar, og til å rekne gebyra særskild for kvar gebyrsone. Gebyrgrunnlaget for kvar sone skal framleis reknast etter føresegna i *Forskrift om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften).*

Gebyrsonene må følgje regelen i forureiningsforskrifta § 16-5 andre ledd, som seier at «Det kan fastsettes ulike gebyrsatser for tilknytnings- og årsgebyr dersom et vann- eller avløpsanlegg eller større enhet av dette medfører vesentlig høyere eller lavere kostnader enn de øvrige.»

I praksis tyder det at gebyrsonene kjem til å verte delt inn sånn at anlegga som tidlegare var eigd av Russmarken VA AS vert ei gebyrsone, medan resten av kommunen kjem til å verte ei anna gebyrsone. Endringsforslaget seier òg at kommunen kan fastsette gebyrsonar som «eit geografisk område». Alle gebyrsonar kommunen opprettar må uansett følgje krava i forureiningsforskrifta, men denne formuleringa gjer at ei gebyrsone kan formulerast på andre måtar enn å peike direkte på det fysiske anlegget. For eksempel kan ein definere ei gebyrsone som «Kovstulheia-Russmarken rensedistrikt».

Vi foreslår å ikkje endre bestemmingane om gebyrkategoriar no. Soneinndelinga er ikkje meint å endre reglane for å skilja mellom forskjellige kategoriar av abonnentar, men å gi oss høve til å rekne og dokumentere gebyra riktigare for kvart vass- og avløpsanlegg.

Ein stor del av kostnadane for vass- og avløpstenestene er faste på kort sikt: utgifter til løn, vedlikehald, kontormateriell og liknande påverkast ikkje så mykje av om vi produserer nokre kubikkmeter meir eller mindre vatn. Samstundes har vi valt å setja abonnementsgebyret så det dekkjer omtrent 40 % av gebyrgrunnlaget, i tråd med tilrådingar frå mellom anna Norsk Vatn. Dermed dekkjer forbruksgebyret òg ei monaleg del av dei faste kostnadane.

Fritidsbustader nyttar naturleg mindre vatn enn heilårsbustader. For at fritidsbustadene skal dekkja si del av dei faste kostnadene i kvar gebyrsone, er det difor naudsynt å belaste dei eit høgare fastledd enn heilårsbustader.

Gebyra for næringsabonnentar er vekta ut frå størrelsen på inntaksleidninga deira. Det gjer at når kommunen må byggje meir kapasitet for å forsyne ein abonnent med vatn, så dekkjer den abonnenten meir av sine eigne faste kostnader.

Vekting av fastleddet på denne måten er heimla i forureiningsforskrifta § 16-5 femte ledd. Alle betaler same forbruksledd, men fastleddet følgjer abonnentkategorien til den einskilde abonnent. Sidan alle abonnentar i same gebyrsone nyttar den same infrastrukturen, gir det ei rettferdig fordeling av kostnadane mellom forskjellige abonnentar og bidrar til at kvar enkelt dekkjer ei forholdsmessig del av dei faste kostnadene for vatn- og avløpstenesta.

2.2 Andre endringar

Forskrifta vi har nå, inneheld bestemmingar om kvar tid gebyra forfell til betaling. Vi har opna for meir fleksibel fakturering etter at forskrifta vart vedteke, og abonnentane kan no til dømes velje å få faktura kvar månad. Difor foreslår vi òg å fjerne dei gamle bestemmingane som ikkje passar med den nye ordninga.

3. Ikrafttreding

Forskrifta endrar den gjeldande forskrifta om gebyr for vatn og avløp i Hjartdal kommune. Administrasjonen kjem til å leggja fram forslag om gebyr for 2025 som følgjer soneinndelinga denne endra forskrifta legg til rette for, allereie i desember 2024. Forslaget er difor at endringsforskrifta trer i kraft straks ho er vedteken i kommunestyret, så gebyra kan verte fakturert per gebyrsone allereie frå fyste betalingstermin.